

Osterøy Spel- og Dansarlag  
v/ Silje Midtbø Vevle – leiar  
Reigstadåsen  
5281 Valestrandsfossen

## **SØKNAD OM TILDELING AV REKRUTTERINGS- MIDLAR -PROSJEKTSKILDRING**

Osterøy Spel- og Dansarlag (OSDL) skal starte eit rekrutteringsprosjekt i løpet av hausten 2017. Prosjektet skal rette seg mot skuleelevar i 1-4.klasse, ved to lokale barneskular. Me ønskjer at fokus skal rette seg mot opplæring i folkedans og hardingfele, der lokale tradisjonar vert vektlagt. Elevane skal, om mogleg, også få noko kjennskap til lokal folkesong. OSDL har pr i dag berre 2 medlem under 16 år som spelar hardingfele. Laget har ingen danseaktivitet retta mot born. Dette gjer at behovet for å starte eit langsiktig opplæringsprosjekt på Osterøy er stort.

Prosjektet vil bestå av fleire, delvis parallelle prosessar:

- Undervisning i SFO-tida ved lokal barneskule, ca. 1 time pr.veke
- Helgesamlingar for borna i målgruppa, oppstart vår/haust 2018
- Samarbeid med lokale kulturinstitusjonar (Osterøy kulturskule og Osterøy Museum)

Rekrutteringsprosjektet er eit samarbeid med Hardingfela.no og Folkedans i Hordaland, som bistår OSDL med organisering og planlegging. OSDL har i dag få aktive medlemmar. Dette gjer at opplæringa ikkje kan vere eit «dugnadsprosjekt». Det at opplæringa i første fase skal foregå i skuletida, fordrar og at instruktørar må frikjøpast frå anna arbeid. Me ynskjer difor å leige inn instruktørressursar, som har anledning til å drive prosjektet i borna si skuletid. To instruktørar har sagt ja til å delta i prosjektet, Silja Solvang og Ida Marie Rognsvåg. Dei har begge brei erfaring med dans og spel og instruktørarbeid, og vil vera store ressursar i arbeidet med

aldersgruppa. Silje Solberg og Håkon Høgemo vil vera med å bidra ved behov i tillegg til dei faste instruktørane.

### **RAMMER FOR SFO-UNDERVISNING:**

Omlag 1 undervisningstime pr. veke. Undervisninga vil i første omgang vere fokusert mot dans og songleikar. Frå og med januar 2018 ønskjer me i tillegg å inkludere hardingfeleundervisning for ei mindre elevgruppe (5-7 elevar). Elevane får då låne instrument som blir oppbevart ved skulen. Innhaldet vil vekse mellom undervisning til kvar elev, samspel i små grupper og dans i større grupper.

Laget vil framover kontakte dei aktuelle skulane, og samarbeide om opplæring i folkedans/hardingfele i SFO-tida. Eit samarbeid med kulturskulen på Osterøy og Osterøy museum er under etablering.

### **PROSJEKTPLAN**

<b>TILTAK</b>	<b>TIDSPLAN</b>
Dagskurs på Osterøy Museum i samband med open dag	Haustferien 2017
Presentasjonstime for elevar ved SFO ved lokal barneskule	Oktober 2017
Sende informasjon om prosjektet til heimane, med påmelding	Oktober 2017
Undervisning i SFO-tida, ca.1 skuletime pr veke. Totalt ca 20 veker i løpet av skuleåret 2017/18	November 2017 og ut skuleåret
Open gymsal med leik/dans i samband med Hordamønstring på Osterøy	Mars 2018
3-4 laurdagssamlingar med instruksjon i folkedans, hardingfele og kveding	Mai 2018 og ut året
Oppstart kveldsøving for juniorlag, parallelt med undervisningstilbod i Kulturskulen	September 2018

## **Målsettingar**

### **- Overordna mål er auka rekruttering av utøvande innan folkemusikk og folkedans i kommunen.**

- SFO-undervisninga skal vere eit «lågterskel-tilbod». Tilbodet om danseundervisning skal vere gratis. Dei borna som også ønskjer feleundervisning i SFO-tida betaler ein sum pr skuleår, ca kr 350- for leige av instrument og opplæring. I tillegg må dei melde seg inn i OSDL og vil på sikt få tilbod om sosiale aktivitetar og kurs i regi av laget.
- Ein ønskjer at deltakarane på sikt søkjer vidare opplæring i kulturskulen, enten i hardingfele eller folkedans.
- OSDL startar opp eit juniorlag som viderefører arbeidet etter rekrutteringsprosjektet
- Involvering frå foreldra, og i lag med dei arrangere sosiale aktivitetar og laurdagssamlingar.

## **VIDAREFØRING:**

Vidareføring av prosjektet er eit sentralt punkt i planlegginga. Det må leggjast til rette for at dei elevane som deltek i prosjektet, og som ynskjer å fortsetje med spel eller dans har eit vidare tilbod i lokalmiljøet. Eit mål er at rekrutteringsarbeidet vil få nye elevar til å søke seg inn i kulturskulen. OSDL vil deretter kunne samla rekruttane til eit junior spel-og dansarlag. Osterøy Kulturskule har brei erfaring med anna danseopplæring, og er difor ein naturleg samarbeidspartnar for vidareføring av dansen. Ved samarbeid med Osterøy museum tenkjer OSDL at ein kan arrangera aktivitetar på museet som fremmer folkemusikktradisjonen. Til dømes kan OSDL tilby aktivitetar på museet i vinterferien og i haustferien. Ein ser og at deltakarane i prosjektet vil vere eit flott innslag på det årlege arrangementet, «Liv i gamle stover», på Osterøy Museum.

Når første prosjektperiode med SFO-undervisning blir avslutta våren 2018, vil me evaluere og vurdere ei vidareføring av prosjektet.

## **BUDSJETT FOR REKRUTTERINGSPROSJEKTET 2017/18**

Sjå eiga exel vedlegg for detaljert oversikt